



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato  
07.12.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2017/14897 521.1  
Dykkar referanse  
«REF»

Til:  
Kommunane i Hordaland

### Vilkår for utbetaling av arealtilskot til frukt – Vanleg jordbruksproduksjon

Tal frå søknad om produksjonstilskot syner store variasjonar i avlingsnivå på frukt og bær mellom føretak i fylket. Ein del produsentar leverer lite eller inga avling per dekar for areal med frukt og bær som det vert søkt om arealtilskot til.

Dette brevet er meint som ei rettleiing til kommunane i arbeidet med å vurdere kva som er vanleg jordbruksproduksjon i fruktdyrkinga. Dette er ein samanstilling av informasjon sendt frå Fylkesmannen i juni 2016 (vår ref 2015/7183).

#### Låge avlingar kan vere indikasjon på at føretak ikkje driv vanleg jordbruksproduksjon

Å drive vanleg jordbruksproduksjon er eit grunnvilkår for å motta produksjonstilskot. Produksjonen skal ha eit næringsmessig preg, og i det legg vi at avlinga skal vere omsett og inntektsført. Frå 2018 kan òg direktesal inngå i grunnlaget for tilskot. Meir informasjon om dette kjem etter kvart.

Føretak som fell utanfor kravet om vanleg jordbruksproduksjon har ikkje rett på produksjonstilskot. Det er ingen sentrale retningsliner for kva som kan definerast som vanleg produksjon når det gjeld frukt og bær, men låge avlingar kan vere ein indikasjon på at eit føretak ikkje driv vanleg jordbruksproduksjon. Vi har difor prøvd å finne fram til objektive kriterium for dette.

#### Gjennomsnittstal for Hordaland

Gjennom søknad om produksjonstilskot søkjar føretaka om arealtilskot per dekar og kvalitetstilskot per kg levert vare. Nyttar vi desse tala får vi avling i kg per dekar. Vi har gått gjennom leveransar frå føretak som søkjer om arealtilskot til frukt i fylket for å finne fram til eit gjennomsnittleg avlingsnivå som er representativt for Hordaland. For å korrigere for årlege variasjonar er avlinga over ein periode på fem år lagt til grunn. Tala tek utgangspunkt i reelle avlingar med DK-tilskot og basert på reelle areal med AK-tilskot. Dette betyr at avlingstala som er rekna ut som snitt og som rettleiande minstekrav, inkluderer ein del areal som ikkje er i bæring. Samstundes vil avlingstala ikkje inkludere avling som er seld utanom godkjente omsetningsledd, til dømes direktesal.

### Tilrådd minsteproduksjon for frukt i Hordaland

For å vurdere om eit føretak driv vanleg produksjon legg vi til grunn avling i kg per dekar. Vi går ut frå avling som er omsett, og som er ført som inntekt for føretaket per dekar som det er søkt arealtilskot for. Vi har kome fram til at det ikkje kan kallast vanleg produksjon når avlinga i kg per dekar i konvensjonell produksjon, er under 70 % av gjennomsnittleg produksjon i fylket. For økologisk produksjon bør avlinga i kg per dekar ikkje vere under 50 % av gjennomsnittleg produksjon i fylket.

Snittavling og tilrådd minsteavling i Hordaland (kg/daa), basert søknad om produksjonstilskot 2011-2015:

	Gjennomsnittsavling levert til konsum eller industri	Tilrådd minsteproduksjon for normal produksjon (70 % av snitt)	Tilrådd minsteproduksjon for økologisk (50 % av snitt)
Eple, konsum +	641	449	321
Pære, konsum +	489	343	245
Plomme	228	159	114
Morellar	197	138	98

\* Det er lagt til 30% for pressfrukt i avlingsnivået

### Kommunen må vurdere årsaker til låg fruktavling

Desse avlingstala er berre meint som rettleiande hjelp til kommunane når tilhøva på eit føretak vert vurdert. Det er ingen automatikk i at føretak med lågare avling enn tilrådd, ikkje skal kunne få tilskot. Kommunen må vurdere årsaker og totalbiletete for føretaket. Viktige tilhøve i vurderinga kan mellom anna vere inntektsført direktosal og nyplantingar.

#### Inntektsført direktosal

Mesteparten av direktesalet har til og med 2017 ikkje vore grunnlag for tilskot, og dermed heller ikkje registrert i samanheng med produksjonstilskot. Dersom søkjaren kan vise til sal utanom tilskotssystemet, må dette takast med når ein bereknar kor stor avling føretaket har per dekar. Berre avling som er inntektsført, kan takast med. Ofte vil det vere behov for å estimere omrekning frå kroner i rekneskapen til kilo for kvart fruktslag.

#### Nyplantingar

Dersom areal ute av bæring på eit føretak er t.d. større enn snittet for Hordaland, på grunn av t.d. mykje nyplanting, må kommunen ta dette med i vurderinga av avling i høve til vanleg jordbruksproduksjon.

I nokre tilfelle har nyplantingar ikkje kome i bæring som planlagt. Dette kan til dømes gjelde plommesortane Avalon og Excalibur, som har vore del av nysatsing innan dyrkinga. Det er viktig at det er rom for å prøve ut nye metodar og dyrkingssystem utan å miste AK-tilskot. Ein kan difor vurdere slike satsingar til å vere vanleg jordbruksproduksjon så lenge det er utprøvingar, og aktuelle nye tiltak i håp om å lukkast med produksjonen. Dersom ein på eit tidspunkt konkluderer med at denne produksjonen ikkje er mogleg å få til, må ein forvente

at arealet blir rydda og planta på ny. Tal år ein kan "godta" låg avling utover vanleg tid utan bæring, kan dermed variere mellom sortar, og gjerne også mellom føretak. Vurderingar om kva som ikkje lenger er verd å satse på, kan gjerne bli gjort i samråd med Frukt rådgivinga/Landbruksrådgivinga.

Om du har spørsmål knytt til dette kan du ta kontakt med

Silje Lyhammer [fmhosil@fylkesmannen.no](mailto:fmhosil@fylkesmannen.no), tlf 55572151  
Eller Sonja Ramsvik [fmhosra@fylkesmannen.no](mailto:fmhosra@fylkesmannen.no), tlf 55572156  
Eller Øyvind Vatshelle [fmhooyv@fylkesmannen.no](mailto:fmhooyv@fylkesmannen.no), tlf 55572178

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*